



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 02.05.2023
Møtestad: Kilstraumen Brygge
Møtetid: 09:00 - 10:20

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore

Austrheim 4. mai 2023

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
037/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
038/23	Godkjenning av møteprotokoll
039/23	Delegerte saker
040/23	Orienteringssak
041/23	2. gongs offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune
042/23	Dispensasjon frå plan og regulert byggjegrænse til bygging av garasje på gbnr. 131/68 - Fønnes
043/23	Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117 - Planid 2022002 - Offentleg ettersyn
044/23	Høyring - Forskrift om delvis forbod for bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune
045/23	Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

037/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 037/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

038/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 038/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

039/23: Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.
Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 039/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til orientering

040/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om avhending gamle kommunehus/kunsthuset:

- Politisk vedtatt plan for strategisk eigedomsforvaltning frå 2021 seier at kunsthuset er eit av dei bygga kommunen kan selja. Planen inneheldt retningslinjer for sal av kommunal eigedom som seier at vi som hovudregel skal selja til høgaste bod i den opne marknaden.
- Budsjettvedtaket frå 15.12.2023 har eit verbalpunkt som seier at kommunedirektøren skal finna ei endeleg avklaring for kunsthuset i løpet av 2023.
- Administrasjonen startar no førebuingar til salsprosess;
 - Møte med styret i kunsthuset for informasjon og avklaringar.
 - Oppseiing av gjeldande leigekontrakt.
 - Takst.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om avhending kommunal tomt ved Fønnes senter

- Kommunen eig tomta som ligg i forlenging av Fønnes senter på nordsida. Tomta er regulert til næring. Takst utført av takstmann Nils Monstad mars 2023 gir ein forventet marknadsverdi på 1 200 000,-.
- I 2006 vart det inngått leigeavtale med ein privatperson som sette opp eit brakkebygg og opna brukbutikk på staden. Etter at butikken vart lagt ned, har brakka vore i bruk som sosial møteplass for ei gruppe privatpersonar. På eit tidspunkt har leigetakar fått innvilga

fritak frå leige av dåverande rådmann. Leigeavtalen gjekk ut 30.09.2021.

- Administrasjonen har våren 2023 fleire gonger vore i tlf-dialog med eigar av brakkebygget, for å få til ei løysing som sikrar at kommunen ikkje får kostnaden når denne ein gong skal fjernast. Eigar har ikkje vore villig til å forplikta seg, men tilbyr å kjøpa tomta til ein «symbolsk sum».
- Politisk vedteke regelverk seier at eigedomar som regel skal seljast i den opne marknaden til høgaste bod. Administrasjonen startar no salsprosess.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at et aktuelle arealet ved Fønnes Senter er tenkt brukt til parkering for gjester til kommande omsorgsbustader i Kaland-feltet, så ein kan få vekk brakkene men ikkje selja tomta.

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft viste til at det er lagt opp til gangveg frå dette arealet ned til omsorgsbustadene. Arealet ligg også bra til for park and ride, for dei som vil reisa vidare med buss. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug konkluderte med at ein avventar sal av arealet til det er avklart vidare med omsorgsbustader på Kaland.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om sal av tomteareal på Mongstad. I samband med masseutskifting har det blitt avklara at det må gjerast noko med hovudvassleidningen inn til kommunen. Den er lagt i dårlege massar, og det må gjerast noko arbeid der. Finansieringa kan hentast frå salssummen for arealet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug varsla at det kjem ei eiga politisk sak om symjebassenget på Kaland. Det kan verta eit omfattande arbeid som må gjerast, vil ta dette samla til kommunestyret. Må ta det skikkeleg, slik at bassenget ikkje vert stengt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeid med nye bustader:

- Kartlegginga er i gang for å få private utbyggjarar til å bygga bustader med finansiering frå Husbanken. Ei synfaring viser at det er plass til tre firemannsbustader i Sætremarka, og på Kaland er det mogleg å starta med sju omsorgsbustader.
- Husbanken seier at så lenge det er bygd med livsløpsstandard så kan ein få finansiering. Må også ta grepa som skal til for miljøstandard.
- Bustadene kan brukast av alle aldersgrupper, ikkje berre omsorgsbustader.
- Sju firma har meldt seg til å bygga. Skal ha synfaring frå 4. mai til 11. mai med desse. Har fått gode tilbakemeldingar frå byggeverksemdene på at kommunen har tatt dette initiativet.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kommunen sjølv kan fordela kven som skal bu der. Ordførar Lerøy svara at det kan kommunen styra, og om det skal seljast eller leigast ut. Husbanken kan fullfinansiera prosjektet om kommunen tar styring. Burettslag kan også vera aktuelt. Kommunen får tilbake MVA-en, det gjer det rimelegare.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er eigedomsselskapet som skal styra dette. Ordførar Lerøy svara at det er han usikker på, det er ikkje bestemt enno, må komma tilbake til formannskapet og kommunestyret på dette.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen ikkje kan bygga dette. Private må bygga dette, kommunen skal definera behovet, kommunen skal bestemma kven som skal bu der ut frå kva kriteria. Kommunalsjefen skal komma tilbake til politisk med kva kriteria som skal bestemma om ein skal kunna få kommunal bustad. Viktig for kommunen å få flest mogleg inn i omsorg pluss, og ikkje som pasientar på sjukeheimen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til Dalaneset-prosjektet på Bømlo, som også vert brukt som døme av Husbanken.

Inger Lise Brekke (H) sa at det må gjerast å ei måte som ikkje undergrev marknadsverdien av desse bustadene.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 040/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

041/23: 2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Uttale frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøareala våre.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa seg skuffa over at det ikkje er teke inn areal til nye marine artar, og sakna at det er teke inn teke inn tekniske krav til nye anlegg. Om verdas folketal skal stiga til 10 milliardar i løpet av dei neste ti åra, så trengst det auka matproduksjon. Då må ein satsa på matproduksjon i havet, alt frå tang og tare til sjøpølse, anten det er medisinsk bruk eller til matproduksjon eller andre varer. Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kvifor det ikkje har komme fleire innspel. Per Lerøy (Ap) svarta at ein kan snakka med Bent Gunnar Næss hjå regionrådet for å sjå kva ein kan komma med av endringar no i andre gongs høyring. Lerøy viste til at det finnest typar teknologi, som Egget som er eit lukka anlegg. Kan ikkje krevja konkret teknologi, men kan seia at det skal vera utsleppsfritt. der ein kan stilla krav om

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 041/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune tek andre gongs planforslag til **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003** til orientering og har elles følgjande uttale:

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg, det forpliktar oss til å ha ein berekraftig og klok bruk av sjøareala våre.

042/23: Dispensasjon frå plan og og regulert byggjegrænse til bygging av garasje på gbnr. 131/68 - Fønnes

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon til bygging av garasje på gbnr. 131/68 på Fønnes.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.
Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 042/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon til bygging av garasje på gbnr. 131/68 på Fønnes.
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

043/23: Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117 - Planid 2022002 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet sender *Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002* ut på offentlig ettersyn. Planomtalen, plankart, illustrasjonsplan og føresegner er datert den 14.03.2023. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.
Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 043/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Formannskapet sender *Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002* ut på offentlig ettersyn. Planomtalen, plankart, illustrasjonsplan og føresegner er datert den 14.03.2023. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

044/23: Høyring - Forskrift om delvis forbod for bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim sender utkastet til forskrift om delvis forbod for bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune ut på høyring.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Forskrifta skal leggst på høyring i seks veker, rekna frå når den er annonsert i neste utgåve av Strilen. Inger Lise Brekke (H) sa at ein gjerne kunne heller hatt eit kommunalt offisielt fyrverkeri, og ikkje hatt privat i det heile.

Stein Kåre Løvslett sa at i utgangspunktet er all bruk av pyroteknikk forbode, med unntak av tida mellom 1800 og 0200 mellom 31.12 og 01.01. Meiner at kommunen med bakgrunn i forskrifta kan forby å skyta opp pyroteknisk vare, utifrå at det er farleg.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at forskrifta bør leggst på høyring, så får ein komma med innspel Morten Sognnes (H) spurte når forskrifta gjeld, Stein Kåre Løvslett svara at den vil gjelda heile dagen, også nyttårsaftan.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 044/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim sender utkastet til forskrift om delvis forbod for bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune ut på høyring.

045/23: Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni.

Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Tilbakemelding frå formannskapet foreslått av:

Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med den tilbakemeldinga frå formannskapet at den faste godtgjeriinga til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

FS - 045/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni. Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeriinga til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.
